

Spar:- Vår beste sommar

06.09.2014



Bente Nilsen og Vigdis Haugland lokkar med ein salat

- Dette har vore vår desidert beste sommar! Vi har lege langt over tidlegare rekordar.

Det sleg dagleg leiari Bente Nilsen i Spar fast når vi no skriv september. Og Bente har tidsperspektivet inne, for ho har 32 år bak seg ved suksessbutikken. Ho har ikkje førebels lyst til å gå ut og spå ny rekordomsetnad også i 2014, det er framleis nokre månadar att av året, men vi minner om at Spar Uskedalen i fjor passerte 40 millionar og auka frå 38 til 41 millionar. Og førebels ligg dei foran budsjettet.

Bente slår fast at det var Festidalen som særleg gjorde susen. I den helga var det innom 1700 kundar laurdag og 1600 fredag.

Butikken har denne sommaren hatt normal bemanning, den har lege på 8-9 personar, men dei har hatt tildels lange dagar. Men Bente strekar igjen under at butikken har ekstremt gode folk som kvar dag kjenner arbeidsoppgåvene sine.

- Har det vore endring i kundestrukturen?
- Sesongen har vore prega av at turistane er her lenger enn før. Det gjelder også for bygdefolk. Og folk er her i helgene i større grad enn før. Eg antar at det no er rundt 50 hyttefolk her i bygda.
- Så byggeprosjektet var vellukka?
- Det er ingen tvil om at det har betalt seg, men vi var lenge i tenkeboksen før vi ga klårsignal.

Også den ekstratimen vi har gjennomført dette året var svært vellukka. 2 er på jobb den siste timen og både sal og tilbakemeldingar understrekar at det var rett. Kundemønsteret endrar seg stadig.

- Er det andre justeringar på gang?
- Vi har ingen umiddelbare planar, men det gjelder jo å vera på hogget til einkvar tid. Til dømes har vi lyst til å gjera meir utav kaien.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen